

**Os Kommune**

# **Kommuneplanens samfunnsdel 2015-2027**

**Godkjent 29.9.2015**



# Forord

Os kommunestyre vedtok kommuneplanens samfunnsdel 2015-27 den 29. september 2015.

Planen er det overordna styringsdokumentet for utviklinga av Os kommune. Her trekkjer vi opp utfordringsbilete og dei lange linene, både for planperioden 2015-27 og vidare mot 2040. Vi skisserer kor vi vil, set mål og delmål, og definerer korleis vi skal nå måla gjennom konkrete tiltak.

Os kommune er i sterk vekst, og nye infrastrukturtiltak på E39 Kyststamvegen vil forsterke vekstimpulsane i planperioden. Å handtera folkeveksten vert eit sentralt tema i Os kommune framover. Basert på regionale prognosar tek planen høgde for ei dobling av innbyggjartalet til 40 000 osingar i 2040. Ein slik vekst krev stram styring og klare prioriteringar. Kommuneplanens samfunnsdel skal vera ein reiskap i dette arbeidet, både for politikarar, administrasjonen og våre samarbeidspartnarar i det offentlege, næringsliv og frivillig sektor.

Saman skal vi realisera visjonen i profil- og merkevarebyggingsprosjektet *Os inspirerer: «Os – eit samfunn med vekstkraft og evne til å fornya seg sjølv»*. I kombinasjon med misjonen vår om å skapa *«Livskvalitet for alle»*, gjev dette oss retninga for utviklinga av Os-samfunnet.

Våre fire verdiar gjev også eit felles fundament for arbeidet:

- Vi skal skapa resultat
- Vi gjer det vi seier
- Vi lyttar med respekt
- Vi meiner entusiasme inspirerer

Vision, misjon og verdiar frå Os inspirerer-prosjektet ligg til grunn også for denne planen. Saman med kommuneplanens samfunnsdel 2015-27 gjev dette oss det beste utgangspunktet for å lukkast i arbeidet med å rusta Os for framtida.

I skjeringspunktet mellom offentleg, privat og frivillig sektor kan det meste skapast. Vi er avhengige av profesjonelle samarbeidspartnarar i næringslivet og offentlig forvaltning, men den viktigaste ressursen er du og eg - kvar einskild osing! Det er *vårt lokalsamfunn* vi skal utvikla.

Du er med dette invitert til å ta del i utviklinga av framtidas Os!

På vegne av alle osingar og heile den kommunale organisasjonen ynskjer eg oss alle lukke til med arbeidet!

Os, 7. desember 2015

Terje Søviknes

Ordførar Os kommune

# Innhald

<b>Forord.....</b>	<b>2</b>
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>4</b>
<b>2 Os inspirerer .....</b>	<b>5</b>
<b>3 Grunnleggjande føringer .....</b>	<b>6</b>
3.1 Overordna føringer.....	6
3.2 Folkevekst.....	6
3.3 Etikk og samfunnsansvar .....	6
3.4 Berekraftig utvikling .....	6
3.5 Folkehelse og universell utforming .....	6
<b>4 Hovudutfordringar .....</b>	<b>7</b>
4.1 40 000 i 2040? .....	7
4.2 Ny kommunestruktur .....	7
4.3 Ny infrastruktur .....	7
4.4 Folkehelseutvikling .....	8
4.5 Miljø og klima .....	9
<b>5 Utfordringar, mål og strategiar .....</b>	<b>10</b>
5.1 Helse, omsorg og beredskapstenester.....	10
5.2 Barn, unge og oppvekst.....	13
5.3 Kunst, kultur og fritid.....	15
5.4 Nærings- og kompetanseutvikling .....	17
5.5 Samferdsel, teknisk infrastruktur, klima og miljøvern .....	19
5.6 Tettstadutvikling - Osøyro .....	21
5.7 Kommunal organisering .....	23
<b>6 Areal - kvar, kor mykje og kor raskt skal Os vekse?.....</b>	<b>25</b>
6.1 Kva er ein arealstrategi? .....	25
6.2 Arealstrategi for Os kommune .....	26


# 1 Innleiing

Kommuneplanens samfunnsdel er det viktigaste styringsdokumentet kommunen har. Planen skal peike på den retninga Os kommune ønskjer å gå, vise korleis vi kan realisere det vi ønskjer og korleis vi skal møte utfordringar. Den skal fungere som styringsverktøy i den heilskaplege kommunale planlegginga. Eit slikt styringsdokument skal bidra til at kommunen er føreseieleg og tydeleg i dialogen med omverda, både lokalt og regionalt.

Samfunnsdelen har eit planperspektiv på 12 år, men tek for seg utviklingstrekk som strekker seg utover denne tidsperioden. I tillegg har planen ein handlingsdel som skal vise tydeleg kva tiltak som skal prioriterast i ein rullerande fireårsplan. Denne handlingsdelen vert knytt direkte opp mot kommunens økonomiplan.

Kommuneplanens samfunnsdel legg rammene for kva samfunnsutvikling vi ønskjer. For at dette skal kunne skje, må det vere ein klar samanheng mellom samfunnsdelen og kommuneplanens arealdel. Arealdelen legg dei langsiktige rammene for korleis areala i kommunen skal utviklast. Samfunnsplanen peikar på viktige prinsipp som arealplanen må legge til grunn, slik at målsettingar og ønska strategiar vert gjennomførte.

Kommunen skal kvart fjerde år utarbeide ein planstrategi som viser kva planar som skal utarbeidast eller reviderast. Figuren under viser samanhengen i det kommunale plansystemet.



Figur 1. 1-årshjulet som en del av handlingsdelen og 4-årshjulet som en del av kommuneplanprosessen. Kilde kommuneplanprosessen, samfunnsdel – handlingsdel.

## 2 Os inspirerer

Os kommune har følgjande visjon:

### **Eit samfunn med vekstkraft og evne til å fornye seg sjølv**

Som ein av dei første kommunane i landet har Os teke del i eit profesjonelt profil- og merkevareprosjekt. Gjennom omfattande prosessar, med deltaking frå politikarar, kommunalt tilsette og representantar frå organisasjons- og næringsliv, vart kjerneverdiar, mål, visjon, logo og ny grafisk profil meisla ut og lansert i januar 2006.



Erfaringane frå *Os inspirerer* er gode og det er ønskjeleg å vidareføre visjon og verdisett i den nye kommuneplanen.

Misjon:

**Livskvalitet for alle.**

Visjon:

**Os – eit samfunn med vekstkraft og evne til å fornye seg sjølv**

Det er sett opp følgjande fire verdiar som vi skal styre etter:

#### **"Vi vil skape resultat!"**

Vi vil sjå at det gror og saman med andre vil vi skape konkrete resultat.

#### **"Vi lyttar med respekt!"**

Vi vil lytte til alle som tek kontakt for å gje oss gode råd. Viktige synspunkt og gode idear kan kome frå alle kantar.

#### **"Vi meiner entusiasme inspirerer!"**

Vi vil støtte alle som ønskjer å få til noko.

#### **"Vi gjer det vi seier!"**

Når diskusjonen er ferdig vert tiltaket gjennomført. Vi vil ikkje vere dei som «lovar og lyg». Vi må derfor tenkje nøye gjennom det vi lovar, og når noko er bestemt – så gjer vi noko med det!

Verdiane er vidareført i fire praktiske handlingsprogram, med aktuelle prosjekt under kvart av programma:

- **Skape innovasjon** – «Vi lovar å seie ja til alle forslag som vi ikkje har god grunn til å seie nei til!»
- **Vere inkluderande** - «Vi lovar at alle skal få vere med!»  
Vekt på førebyggjande helsearbeid, betre folkehelse og universell utforming er viktige stikkord både for personar med nedsett funksjonsevne og andre som treng tilrettelegging for spesielle behov.
- **Fremje livsuttrykk** – «Vi lovar at alle skal få lik rett til å utfalde seg!»
- **Skape eit sentrum** – «Vi lovar å vidareutvikle Osøyro som ein stad der menneske og næringsliv kan trivast!»

## 3 Grunnleggjande føringar

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.

Kommuneplanen skal setje mål for Os si fysiske, sosiale og kulturelle utvikling. Som eit bakteppe for, og førande for desse måla, er folkevekst, etikk og samfunnsansvar, berekraftig utvikling og folkehelse lagt til grunn.

### 3.1 Overordna føringar

Plan- og bygningslova er førande for kommunen sitt planarbeid. I tillegg vil nye statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging av 26.9.2014 vere viktige i dette arbeidet.

### 3.2 Folkevekst

I planprogrammet til Regional areal- og transportplan, vert det estimert ei auke i befolkninga i Bergensområdet på 160 000 i perioden fram til 2040. Det er rimeleg å anta at presset på kommunane rundt Bergen vil auke og at Os må ta sin del av forventa folkevekst.

### 3.3 Etikk og samfunnsansvar

Kvar dag vert det tatt mange beslutningar på ulike nivå og einingar i kommunen. Det er viktig at kommunen opptrer oppriktig og profesjonelt og grunngir sine val.

Kommunale prosessar skal vere opne, dokumenterte og i eit klart språk. Informasjon om prosessar og høve til medverknad skal vere tilgjengelege for alle.

### 3.4 Berekraftig utvikling

Berekraft skal vere eit grunnleggjende prinsipp for utviklinga i Os kommune. Utviklinga skal skje på ein slik måte at den dekkjer behova til dagens generasjon utan at det går ut over komande generasjonar.

Beslutningar som påverkar den økonomiske, økologiske og sosiale berekrafa skal vurderast og konsekvensar skal synleggjerast.

### 3.5 Folkehelse og universell utforming

Eit viktig perspektiv er folkehelsearbeid. Os kommune skal leggje til rette for faktorar som påverkar innbyggjarane si helse og trivsel, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom og gir ei jamnare fordeling av faktorar som direkte og indirekte påverkar helsa.

Strategien rundt universell utforming skal ligge som ein grunnleggjende premiss for alt arbeid i kommunen. Alle skal kunne delta og bruke samfunnet på ein likeverdig måte. Dette gjeld fysiske, sosiale og økonomiske tilhøve.

## 4 Hovudutfordringar

Val av mål, strategiar og beslutningar bør baserast på kunnskap. Særleg viktig er kunnskap om forventa folkevekst, klima- og miljøspørsmål og innbyggjarane si helse. Dette er alle viktige faktorar som verkar inn på korleis Os kommune skal drive forvalting, tenesteyting og samfunnsutvikling.

### 4.1 40 000 i 2040?

Os er mellom dei ti kommunane i landet som har høgast prosentvis vekst, ca. 3 % p.a. Per 1. januar 2014 var det 18 678 innbyggjarar i Os kommune og mykje tyder på at folketalet vil doble seg i løpet av dei neste 30 åra.

Veksten vil auke behovet for kommunale tenester og auke presset på infrastruktur, areal og nye bustader. Den kraftige folkeveksten er ei utfordring, men kan også verta ei positiv drivkraft i den sosiale, økonomiske og fysiske utviklinga av Os.

I ei tid med så store endringar er det viktig å bygge identitet og definere kva som skal vere typisk for Os. Kva er det som gjer at det godt å bu her, driva næringsverksemd, dyrka fritidsinteresser og interessant å besøkje?

Skal Os verta ein god stad å bu for alle nye og gamle osingar, trengs det ei fornying av Osøyro. Her er det nødvendig med breitt politisk, administrativt og folkeleg engasjement.

Samstundes må ein sjå på kommunen samla og definere kva funksjonar og tenester som skal utviklast i dei ulike krinsane.

Når det gjeld utfordringar knytt til samordna areal- og transportplanlegging har Os hatt ei negativ utvikling den seinare tida og det er difor nødvendig med klare strategiar som motverkar denne utviklinga.

### 4.2 Ny infrastruktur

E39 Svegatjørn-Rådal er vedtatt. Forventa byggeperiode er 2015-2020/2021. I tillegg er Hordfast-sambandet under planlegging med ferjefri E39 sørover.

I 2005 vart ny trase for E39 lagt over Ulvenvatnet og Osøyro og heile Osdalen er dermed frigjort frå fjerntrafikken til og frå Bergen.

Ny E39 vil betre kommunikasjonen både med tanke på tid og kapasitet. For dei som bur langs vegen vil auka trafikk likevel kunne føre til auka plager med støy og støv. Det er viktig at Os kommune følgjer opp dei store vegprosjekta slik at utbygginga skjer på ein god og berekraftig måte.

### 4.3 Ny kommunestruktur

Ny kommunestruktur er varsla i kommuneproposisjonen 2015 (Prop. 95 S). Det er lagt opp til at dei regionale prosessane starter hausten 2014 og vert avslutta ved utgangen av 2016. Korleis endringane vil slå ut for Os sin del er enno uvisst, men tre hovudalternativ for ny kommunestruktur er skissert:

1. Os held fram som eigen kommune
2. Samanslåing med ein eller fleire nabokommunar rundt Bjørnefjorden
3. Storbergen

Ved eventuelle endringar i kommunestrukturen må planen reviderast.

#### 4.4 Folkehelseutvikling

Med folkehelse meiner vi levekår som bidrar til å fremje eller hemme ei god helse blant innbyggjarane. Dette kan vere bustadtihøve, økonomisk og sosial tryggleik, skule, arbeidsmiljø og ytre miljø. Faktorar som påverkar helsa vår finn vi i alle samfunnssektorar og folkehelsearbeidet må difor ha ei tilnærming som er tverrfagleg og tverrsektorelt.

I Noreg er folkehelsa betre enn nokon gong og forventa levealder har auka mykje dei siste tiåra. Det er likevel synlege ulikskaper i befolkninga som særleg er knytt opp mot seks ulike område:

- Inntekt
- Oppvekst
- Arbeid
- Helseåtfør
- Helsenester
- Sosial inkludering

Statistikk frå folkehelseinstituttet viser at Os kjem godt ut på ei rekke område samanlikna med andre kommunar. Dette gjeld til dømes tal på unge uføre og tal på personar med psykiske symptom og lidningar og hjarte-/karsjukdomar. På andre område viser statistikken urovekkjande tal. Dette gjeld mellom anna:

- Prognosar viser at tal på demente i Os vil stige kraftig, nær ei dobling frå ca 160 i 2012 til ca 300 i 2025
- Os kommune brukar lite ressursar på førebyggjande tenester samanlikna med andre. Dette gjeld mellom anna helsestøtteneste for born 0-5 år og rehabilitering.

Folkehelseprofilen gir oss eit innblikk i enkelte variablar, men gir oss ikkje eit overordna blikk. Utfordringa vidare er å framskaffe nødvendig kunnskapsgrunnlag for folkehelsa i kommunen og setje inn målretta tiltak.



Frå opninga av Knatabrou foto: Andris Hamre

## 4.5 Miljø og klima

Hordaland fylkesting har vedteke at utsleppa av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 3,9 prosent innan 2020 og deretter med 2,6 prosent fram til 2030. Vidare skal energibruken i fylket reduserast med 2,2 prosent fram til 2020 og deretter 1,3 prosent årleg fram til 2030.

Meir og kraftigare nedbør gir havnivåstigning, auka fare for ras og skred og større utfordringar når det gjeld overflatevatn.

Tidlegare har miljøarbeid i stor grad vore konsentrert kring reduksjon av klimagassar, men i tida framover må også andre moment takast omsyn til.

Nye store veganlegg gjer at Os kommune vil få store utfordringar når det gjeld utslepp av klimagassar. Endra klimatilhøve gjer også at ein må tenkje nytt og kanskje annleis når det gjeld bygging i bratt terreng, langs elvedrag og langs sjølinja. Dei nye utfordringane vil krevje eit meir heilskapleg miljø- og klimaarbeid.

Kommunenes Sentralforbund (KS) har peikt på at kommunesektoren i Noreg kan medverke til reduserte klimagassutslepp også i sektorar som arealbruk og transport, bustadar og avfall.



## 5 Utfordringar, mål og strategiar

I dette kapittelet vert dei ulike plantemaa frå planprogrammet systematisert og organisert i sju underliggende kapittel. Areal vert omhandla som eige tema i kap. 6

- 1) Helse, omsorg og beredskapstenester
- 2) Barn, unge og oppvekst
- 3) Kunst, kultur og fritid
- 4) Nærings- og kompetanseutvikling
- 5) Samferdsel, teknisk infrastruktur og miljøvern
- 6) Tettstadsutvikling - Osøyro
- 7) Kommunal organisering

### 5.1 Helse, omsorg og beredskapstenester

*I 2027 er osingane aktive og har god helse. Folk kan leve ut og utvikle sitt trus- og livssyn og det er tilrettelagt for nærfriluftsliv og uteaktivitetar der folk bur. Dei som treng det får tilrettelagde tenester av kompetent personell. Bruk av ny teknologi fører til at folk kan bu og føle seg trygge i eigen heim. Lurane er ferdig utbygd og eit nytt omsorgssenter er under planlegging. Svært mange eldre bur åleine og har flytta til rimelege bustader i og nær senter og kollektivaksar. Stadig fleire brukar eiga fritid på frivillig arbeid.*

#### 5.1.1 Utfordringar

##### Frå "reparasjon" til førebygging og helsefremjande tiltak og tenester

I eit framtidsperspektiv med auke i folketal, knapp kommuneøkonomi og mangel på tenesteytarar, vert kommunen si utfordring å prioritere tiltak og tenester i ein tidleg fase for å redusere og førebyggje "tunge" og kostnadskrevjande tenester.

##### Auka og endra tenestebehov

I følgje prognosar fram mot 2040 vil gruppa «unge eldre» mellom 67 og 79 år auke. Gruppa 80 – 89 år vil auke med ca 200 prosent og gruppa over 90 år med ca 270 prosent.

Helseutviklinga vil truleg endre seg i takt med demografien i befolkninga. Mellom anna vil tal på personar med demens auke kraftig.

Mottakarar av heimeteneste under 67 år med omfattande tenestebehov har auka dei siste åra. Samstundes har talet på bebuarar under 67 år på institusjon vorte redusert. Utfordringa for kommunen er å ha ein fleksibilitet i tenesteytinga som gjer at ein heile tida kan tilpasse seg endra behov i samfunnet.

##### Differensiert bustadtilbod

Å ha eit godt bustadtilbod i kommunen er viktig. Spesielt når vi ser på forventa folkevekst og forventa utvikling med fleire eldre, vanskelegstilte barnefamiliar, flyktingar og personar med rusproblem og psykiske lidningar. Dette må ein handtere på lik linje med resten av kommunen sitt tenestetilbod. Bustad er ein føresetnad og eit utgangspunkt for deltaking i samfunnet.

## **Arbeid og aktivitetstilbod**

Arbeid er eit anna grunnleggjende levekårsgode, og også ein føresetnad for ei vellykka integrering. Arbeidslivet krav til kompetanse og effektivitet, kan føre til at store grupper fell utanfor. For nokre sosialhjelpsmottakarar motiverer økonomisk sosialhjelp i liten grad til eigeninnsats, og kan i verste fall verke klientifiserande og lite helsefremjande. Utfordringa er å finne ein strategi som legg til rette for arbeids- og aktivitetstilbod som er meiningsfylte for den enkelte og som samstundes bidrar til verdiskaping for samfunnet.



## **Potensialet som ligg i frivillig arbeid**

Det er venta ei auka i talet på eldre og åleinebuande. Einsem og sosial isolasjon medfører ofte tap av helse og redusert livskvalitet. Det er derfor viktig å redusere denne helserisikoen. Kommunens helse- og omsorgstenester kan ikkje erstatte det sosiale kontaktbehovet.

Utfordringa er å legge til rette for godt diakoniarbeid og større grad av frivillige bidragsytarar.

## **Tilgang på tilstrekkeleg personell med nødvendig kompetanse**

Statistiske framskrivingar av arbeidsmarknaden for helse- og sosialpersonell, viser at det i all hovudsak vil vere tilfredsstillande kapasitet fram mot 2020. Den store auken i behov for personell vil kome mellom 2020 og 2030. Det vert anslått at det primært vil verta mangel på helsefagarbeidarar og til dels sjukepleiarar. Samhandlingsreforma legg nye krav, ansvarsområde og oppgåver til kommunane. Utfordringa er å ha tilstrekkeleg kompetanse på pasienttryggleik, behandlingsforløp, brukarmedverknad og informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT). Det vil også verta nødvendig å bygge kompetanse på folkehelse, førebygging, tidleg innsats, ulike lågterskeltilbod og velferdsteknologi.

## **Teknologi og nye arbeidsmetodar i helse- og omsorgstenestene.**

Ulike scenario skisserer at behova for helse- og omsorgstenester er aukande i framtida, og at dette neppe kan dekkast av meir helsepersonell åleine. Utfordringa er å ta i bruk nye arbeidsmetodar og ny teknologi til rett tid, slik at kommunen kan utvikle betre og meir målretta tenester.

## **Samfunnstryggleik og beredskap**

Samfunnstryggleik og beredskap bidrar til ein trygg og robust kommune, der alle tek ansvar. Utfordringa er å tenkje det utenkjelege og ha eit breitt koordinert grep om samfunnstryggleiken, frå samfunnskritiske funksjonar til dei nære ting. Krisehandtering krev tett samarbeid mellom mange aktørar og er viktig for å kunne ta vare på det heile mennesket.

## 5.1.2 Mål og strategiar

### Hovudmål 1:

*I Os kommune skal alle kunne leve eit godt og fullverdig liv i alle livsfasar*

#### **Delmål 1.1. Vi vil prioritere førebyggjande - og helsefremjande tiltak og tenester gjennom:**

- å leggje til rette slik at fysisk aktivitet er lett tilgjengeleg for alle
- å satse på skade- og ulykkesførebyggjande arbeid
- å leggje vekt på aktiv og målretta bruk av rehabilitering

#### **Delmål 1.2. Vi vil førebyggje livsstilsjukdomar gjennom:**

- å auke kunnskap om eiga helse hos folk flest og særleg overfor risikogrupper
- å jamne ut sosiale ulikskapar
- å vere oppdatert på førekomst av livsstilsjukdomar og leggje til rette for tiltak for risikogrupper

#### **Delmål 1.3. Vi vil ha eit helse- og omsorgstenestetilbod som dekkjer innbyggjarane sine nødvendige behov gjennom:**

- å leggje til rette slik at innbyggjarane kan bu lengst mogeleg i eigen heim
- å leggje til rette for velferdsteknologi som dekkjer den enkelte sitt behov gjennom alle livsfasar
- tett samarbeid og medverknad frå ulike brukargrupper
- kontinuerleg vurdering av tenestene og kor/korleis tenestene vert utført

#### **Delmål 1.4. Vi vil ha større del faglærte i helse- og omsorgstenestene gjennom:**

- systematisk opplæring og tilbod om lærlingplassar
- å halde seg oppdatert på trendar i arbeidslivet og systematisk arbeida for å leggje til rette for gode og attraktive arbeidstilhøve
- kompetanseplanar for alle tenesteområda som er basert på ny

fagleg kunnskap om endring i pasient/brukargrupper

#### **Delmål 1.5. Vi vil ha bustader som fremjar eigenomsorg gjennom:**

- å leggje til rette for alternative buformer i kommunen
- å samarbeide med private og offentlege aktørar for å sikre fokus på eigenomsorg i bustadplanlegging
- å sikre at ulike grupper sine bustadbehov vert vurdert i samband med arealplanlegging

#### **Delmål 1.6. Vi vil utvikle arbeids- og aktivitetstilbod til dei som ikkje kan nyttiggjere seg det ordinære arbeidstilbodet i samfunnet gjennom:**

- å leggje til rette for arbeids- og aktivitetstilbod som fremjar eigenaktivitet og eigenmestring og som medfører verdiskaping for samfunnet

#### **Delmål 1.7. Vi vil utvikle potensialet og styrke samarbeidet med frivillige organisasjonar gjennom:**

- å invitere frivillige organisasjonar til samarbeid "Kva kan begge partar bidra med? Kva kan vi utvikle i fellesskap og kva kan vi samarbeide om?"

#### **Delmål 1.8. Vi vil ha ei god beredsskapsteneste og smittevern gjennom:**

- å vere ein pådrivar og koordinator i førebyggjande arbeid for å redusere risiko for tap av liv og skade på helse, miljø og materielle verdiar
- å systematisk analysere dagens og framtidas risiko- og sårbarheitsbilete basert på fakta og kunnskap
- å samordne kommunens ressursar for å sikre effektiv og koordinert innsats når uføresette hendingar oppstår

## 5.2 Barn, unge og oppvekst

I 2027 er det mange nye osingar i aldersgruppa 0-19 og Os kommune har eit trygt, godt og utviklande oppvekstmiljø. Vi har høg kvalitet i barnehagane og grunnskulane og eit inkluderande læringsmiljø som sikrar at alle opplever meistring og utvikler seg fagleg og sosialt. Alle elevane utviklar god kompetanse i grunnleggjande ferdigheiter som gjer at dei meistrar utfordringane i arbeids- og samfunnslivet. Os kommune har eit kvalitativt forsvarleg system som sikrar låge tal på «drop-out» frå vidaregåande skule og nulltoleranse mot mobbing. Det er eit variert fritidstilbod i alle krinsane der det er høg deltaking og engasjement frå alle samfunnslag.

### 5.2.1 Utfordringar

#### Likeverdig og høg kvalitet på alt arbeid med barn og unge

Likeverd og høg kvalitet er tema vi heile tida må arbeide med. Det som vert definert som høg kvalitet i dag, er ikkje nødvendigvis høg kvalitet neste år. Å ta i bruk ny kunnskap er nødvendig for å lukkast over tid.

#### Førebygging og tidleg innsats

Både i eit samfunnsøkonomisk perspektiv, og i eit individperspektiv er det betre å førebyggje enn å behandle. Ved behov for opplæring og/eller behandling, bør vi starte så tidleg som mogeleg etter at ei utfordring er identifisert. Desse prinsippa må gjelde ved alle typar utfordringar som barn, unge og familiar har.

#### Robuste og kostnadseffektive barnehagar, skular og hjelpetenester, tilpassa folkevekst og samansetning

Prognosar tilseier både kraftig folkevekst og mogeleg endra samansetning av befolkninga. Denne kunnskapen må det takast omsyn til med tanke på framtidig organisering. For å få best mogelege tenester og tilbod ut av dei tildelte midlane, er det nødvendig å drifte einingane så funksjonelt og kostnadseffektivt som mogeleg.

#### Gode lese- og skrivekunnskapar

I Stortingsmelding 30 (2003-2004) Kultur for læring vert det presisert at grunnleggjande

ferdigheiter i lesing og skriving er nøkkelen til ny læring og kreativitet og dørspnar for elevane si framtid. Dette vil også vere eit viktig bidrag i arbeidet med å redusere skulefråfallet (drop-out) i vidaregåande skule.

#### Barn og unge si deltaking i planlegging og avgjersler

Barn og unge har gjennom norsk lov rett til medverknad i offentlege prosessar og alt som påverkar liva deira. Barn og unge i Os kommune bør i større grad enn i dag verta involvert i slike prosessar.

#### Gode levekår til barn og unge, forankra i folkehelseperspektivet

Eit godt helsetilbod til barn og unge er eit viktig førebyggjande tiltak. God helse hos barn og unge er viktig både for dei det gjeld og i eit samfunnsøkonomisk perspektiv. I dag er vi ikkje gode nok på å synleggjere korleis vi arbeider med folkehelse for denne aldersgruppa.

**Varierte fritidstilbod kor alle barn og unge – uavhengig av bakgrunn og kjønn – deltar.**  
Gode fritidstilbod – til alle grupper av barn og unge – kan ha ein førebyggjande effekt. Det har også ein eigenverdi med tanke på trivsel og livskvalitet. Variasjon i tilboda er difor viktig for å nå ut til alle grupper av barn og unge og for å redusere sosial ulikskap mellom barn.

## 5.2.2 Mål og strategiar

### Hovudmål 2:

*I Os kommune skal alle barn og unge ha eit trygt, godt og utviklande oppveksmiljø*

#### **Delmål 2.1. Vi vil sikre likeverdig og høg kvalitet på alt arbeid med barn og unge gjennom:**

- å basere arbeidet på oppdatert kunnskap og erfaring om kva tiltak som har god verknad
- langsigkt oppbygging av solide fagmiljø og likeverdige læringsmiljø
- å sikre alle barn eit godt læringsmiljø slik at dei kan oppnå gode læringsresultat
- rettleiing og kompetanseheving for foreldra slik at dei føler seg trygge i foreldrerolla

#### **Delmål 2.2. Vi vil sikre et godt helsetilbod til barn og unge, forankra i folkehelseperspektivet gjennom:**

- å utvikle eit godt somatisk og psykisk helsetilbod til barn og unge, både førebyggjande og behandlende
- å utvikle gode rutinar som sikrar at alle barn og unge får oppfylt pasientrettane sine

#### **Delmål 2.3. Vi vil sikre robuste og kostnadseffektive barnehagar, skular og hjelpetenester, tilpassa folkevekst og samansettning gjennom:**

- å utvikle ein heilskapleg barnehage- og skulestruktur, med tilpassa hjelpetenester

#### **Delmål 2.4. Vi vil sikre god lese- og skrivekunnskap gjennom:**

- ei felles systematisk satsing frå skuleigar, skuleleiing og tilsette for å betre utviklinga av dei grunnleggjende ferdigheitene hos elevane i Os kommune

#### **Delmål 2.5. Vi vil prioritere førebygging og tidleg innsats gjennom:**

- å arbeide tverrfagleg for tryggleik, identitet og gode oppvekstvilkår for barn og unge
- å systematisk prioritere førebyggjande tiltak
- å sette i gang med tiltak straks ei utfordring er avdekka
- å bruke tiltak og metodar som er gjennomprøvde

#### **Delmål 2.6. Vi vil legge til rette for at barn og unge får delta i planlegging og påverke avgjersle gjennom:**

- å utvikle system for god medverknad
- å nytte gjennomprøvde metodar for registrering og systematisering, for eksempel barnetråkkregistrering

#### **Delmål 2.7. Vi vil sikre eit variert fritidstilbod slik at alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn og kjønn, kan delta gjennom:**

- å kartlegge barn og unges bruk av, og behov for, fritidsaktivitetar
- å utvikle tilbod som reduserer sosial ulikskap mellom barn
- å tilby ulike aktivitetar – også dei smale tilbod



## 5.3 Kunst, kultur og fritid

I 2027 er det lagt til rette for eit aktivt friluftsliv der folk bur. Det er etablert lyssett gangsti rundt Ulvenvatnet og Kuventræområdet er ferdig utvikla som sentralidrettsanlegg. For å auke sambruk vert det etablert fleirbruksshallar i samband med nye skulebygg. Alle osingar kjenner til Os si historie og historiske bygg og områder vert brukt aktivt i kulturformidling og i identitetsskapande arbeid

### 5.3.1 Utfordringar

#### Fremje fysisk aktivitet

Gjennomsnittsnordmannen er i dag langt mindre aktiv enn kva Helsedirektoratet anbefaler. Regjeringa si folkehelsemelding seier at nordmenn generelt har god helse, men at utviklinga viser aukande overvekt og fedme, livsstilssjukdomar og psykiske problem.

Utfordringa er å få til ei bevisstgjering som gjer at vi alle i større grad tar ansvar for eiga helse. Kommunen må følgje opp med å prioritere tiltak som tilrettelegg for og fremjar aktivitet.

#### Frivillig arbeid og kommunen

Det å vere med i eit fellesskap betyr mykje for folks trivsel og helse. På landsbasis er 48 % av befolkninga med i frivillig arbeid og minst 80 % er medlem i minst ein organisasjon. 50 % av desse definerer seg sjølve som aktive medlemmar.

I Os kommune er det mange som yter mykje både i organisert og i uorganisert frivillig arbeid. Utfordringa er å leggje tilhøva til rette slik at det frivillige arbeidet får gode vilkår og utviklar seg på eigne premissar.

#### Bredde og mangfold i kulturtilbodet

Eit variert kulturtilbod påverkar fysisk og psykisk helse i alle aldersgrupper. Kulturell danning er ein føresetnad for demokrati og samhald, og aktiv deltaking er viktig for god livskvalitet og eit godt lokalsamfunn. For å få dette til er det nødvendig med føreseieleg og

langsiktig støtte til lag, organisasjonar og frivillige. I tillegg er det nødvendig med eit mangfaldig og inkluderande tilbod som møter ulike behov og interesser.

#### Møteplassar

Kultur- og idrettsarenaer er viktige offentlege møteplassar. Dei tradisjonelle møteplassane må vidareutviklast og supplerast med nye sosiale møteplassar som inviterer og oppmuntrar folk til å treffe kvarandre og knyte kontakt. Sosiale nettverk fremjar helse og førebyggjer sjukdom og utfordringa framover vert difor å etablere nye og andre typar møteplassar for å møte nye behov.

#### Historisk identitet og kulturformidling

Os kommune har ein sterk kulturell og historisk identitet. Store endringar i buformer, folketal og kommunikasjon gjer at det vert enda viktigare å ta vare på, og vidareutvikle, det som er særmerkt i språk, bygningsmiljø, kulturlandskap, lagsliv og tradisjonar.

I Os kommune er det ei rekke viktige stader som er i bruk og som kan takast i bruk i samband med kulturformidling. I det identitetsskapande arbeidet er kulturformidling viktig og nødvendig. Utfordringa er å ta vare på og vidareutvikle viktig kunnskap innan bygningsmiljø, kulturlandskap og kulturminnevern.

## 5.3.2 Mål og strategiar

### Hovudmål 3:

*I Os kommune skal alle innbyggjarane kunne ha aktive liv i nærleiken av der dei bur*

#### Delmål 3.1. Vi vil ha innbyggjarar som er aktive gjennom:

- å leggje til rette for at fritids-, kultur- og fysisk aktivitet skal vere lett tilgjengeleg for alle
- å leggje til rette for utvikling av ulike arenaer med høg kvalitet og sikre nok areal rundt anlegga for framtidig utviding
- å leggje til rette for at fleire brukar sykkel både i jobb- og fritidssamanheng
- å leggje til rette for eit helsefremjande miljø, mellom anna ved å setje folkehelse på dagsordenen i arealplanlegginga
- å leggje til rette for «nærfriluftsliv»
- å leggje til rette for turstiar som er universelt utforma, har god belysning og er enkle å kome til

#### Delmål 3.2. Vi vil vere ein kommunen som legg til rette for auka friluftsliv gjennom:

- aktiv kartlegging og sikring av areal som er av stor samfunnsinteresse
- tett samarbeid med ulike aktørar som Bergen og Omland friluftsråd

#### Delmål 3.3. Vi vil vere ein attraktiv kommune som tar vare på vår historiske identitet gjennom:

- kulturminnevern som har fokus på bruk, vern, formidling og skjøtsel
- aktiv kulturformidling som vidarefører historisk identitet
- utvikling og tilrettelegging for aktiv bruk av dei mange viktige kulturminna i Os

#### Delmål 3.4. Vi vil vere ein kommune som legg til rette for gode møteplassar for ulike aldersgrupper og behov gjennom:

- å utvikle møteplassar og kulturarenaer som legg til rette for engasjement, kompetanse og kreativitet
- å bruke arealplanlegging aktivt for å leggje til rette for gode møteplassar der folk bur
- aktiv og god by- og tettstadsutvikling

#### Delmål 3.5. Vi vil vere ein kommune med bredde og mangfold i kulturtilbodet gjennom:

- å sikre føreseielege og langsiktige rammevilkår for kultur-, idretts- og friluftsliv
- å leggje til rette slik at innbyggjarane kan finne aktivitetar som bidrar til god fysisk og psykisk helse
- å prioritere tiltak som bidrar til at vi skaper og deler, formidlar og opplever saman med andre menneske og i mindre grad kvar for oss.

#### Delmål 3.6. Vi vil vere ein kommune som spelar ei aktiv rolle i høve dei frivillige gjennom:

- at Os kommune, gjennom bidrag til frivillige, prioritær tiltak for barn og unge
- å heie fram frivillige og eldsjeler
- å ha ein tilretteleggjarfunksjon og bidra til eit sterkt og aktivt miljø for frivillige

## 5.4 Næring og kompetanseutvikling

I 2027 er det etablert mange nye arbeidsplassar i kommunen og utpendlinga er redusert frå ca 50 til ca 35 prosent. Betre bransjestruktur gjer at Os kan tilby eit rikt utval i arbeidsplassar, noko som medverkar til at Os vinn i konkurransen om dei beste hovuda. Nye kompetansearbeidsplassar er etablert og i samarbeid med regionale utdanningsinstitusjonar er det planar om å etablere eit utdanningstilbod i Lyseparken som vil vere framtidsretta og nyttig for kommunen. Os kommune har ry på seg for å vere dynamisk, løysingsorientert og flink til å leggje til rette for ulike næringsaktørar.

### 5.4.1 Utfordringar

#### Arbeidsplassar

Os kommune opplever sterk vekst i folketaket, men ikkje tilsvarende vekst i talet på arbeidsplassar. Det var ca 1800 arbeidsplassar i offentleg sektor i Os i 2013. Det er ein liten oppgang frå 2000, men berre halvparten av veksten på landsbasis i den same perioden. Det var 3 980 arbeidsplassar i privat sektor i 2013. Det var god vekst i talet på arbeidsplasser i privat sektor frå 2000 til 2007. Deretter har talet på arbeidsplassar lege rundt 4 000. Kommunen gjer det relativt bra når det gjeld nyetableringar, men talet på arbeidsplassar aukar ikkje i takt med folkeveksten.

#### Bransjestruktur

Det har tradisjonelt vore mange arbeidsplassar innan anna industri og fiske i Os. Nedlegging av store industriverksemder gjer at nedgangen på arbeidsplassar i verkstadindustrien frå 2007-2013 var på heile 29,7 %. Det er få arbeidsplassar i bransjane som har hatt høgst vekst på landsbasis siste åra, olje/gass, mens overnatningsbransjen er forholdsvis stor. Det er eit mål å ha landbruksproduksjon i Os, og jordvernnet skal stå sterkt. Utfordring framover er å få ein god bransjestruktur slik at ein ikkje er så sårbar for endringar i enkeltnæringer.

#### Næringsattraktivitet

Os hadde høg vekst i samlede næringstypar fram til 2008. Den siste treårsperioden har trenden snudd til svakt negativ, -0,4 prosent.

Når det gjeld basisnæringerane kan nedgangen skuldast at mykje næringsliv har vore knytt til industrien, som slit også nasjonalt. Når det gjeld besøksnæringerane (handel, overnatting, servering) er årsaka meir uklar. Folkeveksten skulle isolert sett tilseie vekst i desse næringane. Når det ikkje er tilfelle, må ein sjå på årsakene og korleis vi kan snu utviklinga. Revitalisering av Osøyro vil vere viktig her. Dei regionale næringene (bygg og anlegg, transport, finans mm) utgjer ein liten del av sysselsettinga i Os.

#### Utdanning/kompetanse

30,1 prosent av den sysselsatte befolkninga i Os har høyere utdanning, mot 35,3 prosent i landsgjennomsnitt. Fleire høgt utdanna pendlar inn enn det er som pendlar ut. Utfordringa er å leggje til rette for arbeidsplasser som gjer at dei med høgare utdanning finn det attraktivt å både bu og jobbe i Os.

#### Regional næringsutvikling

Os kommune har organisert næringsutviklinga gjennom eigarskap i Business Region Bergen AS (BRB). Kommunane i Bergensregionen utgjer i stor grad eit felles arbeids-, service- og buområde. Det er derfor nyttig at utfordringar knytt til næringsutvikling vert løyst på tvers av kommunegrensene. Utfordringa for Os er å sikre at samarbeidet med BRB varetar lokale næringsinteresser på ein god og tenleg måte.

## 5.4.2 Mål og strategiar

### Hovudmål 4:

*Vi skal ha eit aktivt og innovativt næringsliv som skapar arbeidsplassar lokalt*

#### Delmål 4.1. Vi vil vere ein attraktiv kommune for næringsdrivande gjennom:

- å vere ein ja-kommune som legg til rette for næringsaktivitet gjennom attraktive næringsareal, god infrastruktur og effektiv forvaltning
- å vere pådrivar for auka samhandling mellom næringsdrivande i kommunen
- heilskapleg planlegging som gjer Os til ein kommune der ein ønskjer å både bu og arbeide
- utvikling av Osøyro som regionsenter /kommunesenter

#### Delmål 4.2. Vi vil vere pådrivar for godt regionalt næringssamarbeid gjennom:

- samarbeid i Bergensregionen med strategisk næringsplanarbeid
- aktivt eigarskap i Business Region Bergen AS
- aktivt samarbeid med nabokommunane i Bjørnefjordregionen

#### Delmål 4.3. Vi vil vere ein kommune med aktivt landbruk gjennom:

- å nydyrke areal når matjord må flyttast på
- å støtte opp om tilleggsnæringar som turisme, inn på tunet, oste- og kjøtproduksjon og anna aktivitet

#### Delmål 4.4: Vi vil utvikle Lyseparken til å vera eit velfungerande utviklingsområde gjennom:

- å danne eit tyngdepunkt med allsidig næringsverksemeld i kommunen og i regionen
- å sørge for at samlokalisering av nærings- og bustadføremål ikkje hindrar eit godt oppvekstmiljø for barn og unge.
- å sikre berekraftig arealutnytting over tid .
- innovative og framtidsretta løysingar innanfor miljø- og energiforsyning
- utforming som sikrar høg kvalitet på arkitektur og landskap
- nye trafikksystem som sikrar, og legg til rette for, mjuke trafikantar
- god kollektivdekning.



## 5.5 Samferdsel, teknisk infrastruktur, klima og miljøvern

I 2027 er E39 Bergen- Svegatjørn opna og vegen vidare sørover er i ferd med å verta realisert. Fylkesvegnettet i kommunen er kraftig oppgradert og kollektivtrafikken er eit attraktivt alternativ til bruk av eigen bil når osingane skal til og frå jobb eller skule. Tilførsel av godt drikkevatn er sjølvsagt og avløpet vert tatt hand om gjennom eit avansert og moderne reinseanlegg. Bustadområda framstår som attraktive med eit godt vegnett som tar omsyn til trafikktryggleik for born og vaksne.

### 5.5.1 Utfordringar

#### Omlandet

Hjelle, Søvik og Halhjem er dei grunnkrinsane som har hatt sterkest folkevekst dei siste tiåra. Linja Halhjem – Søfteland og Bjånes – Lyseparken - Lysefjorden er definert som kjerneområde for vidare utbygging i gjeldande arealplan. Utfordringa framover er å ha utbyggingsområde som kan realiserast med eksisterande infrastruktur, eventuelt parallelt med ny infrastruktur eller oppgradering av eksisterande infrastruktur.

Auka tilflytting fører til ytterlegare press på sjønære areal. Utfordringa vert å sikre ei berekraftig utbygging som samstundes varetar samfunnsinteressene.

#### Klima og miljø

Global oppvarming gjer klimagassutslepp til den største utfordringa i vår tid. I framtida kan vi vente oss kraftigare nedbørsmengder og auka fare for springflo og ras. Mykje av dagens bygningar og infrastruktur er ikkje dimensjonert for dei vassmengdene som kan kome, noko som kan verta ytterlegare forsterka med tettare utbygging. Berekraft skal vere eit overordna prinsipp for utviklinga i kommunen. Utfordringa er å finne balanse mellom vekst og omsyn til natur, miljø og biologisk mangfold.

#### Samferdsel

Ny trase E39 frå Os til Bergen vil gi dramatisk mykje betre kommunikasjon både når det gjeld tid og effektivitet. Det er ønskjeleg med auka kollektivtrafikk og med det kjem trond for fleire pendlarparkeringar. Stor utbygging og nye utbyggingsområde gir store utfordringar i høve godt og tenleg vegnett internt i kommunen.

#### Vatn og avløp

I samband med folkevekst vert det ei utfordring å sikre nødvendig utbygging av lokal infrastruktur innan vatn og avløp. Kostnad til drift og vedlikehald er i stor grad avhengig av kvalitet på anlegg som vert bygd og om det er tatt høgde for mogelege skader, bl.a. skader knytt til overvatin og flaum.

#### Anna infrastruktur

Stadig fleire brukar nettbaserte tenester for å ordne ting i kvardagen. Å ha eit godt utbygd mobil-/fibernet er i dag nødvendig for å kunne gi og motta slike tenester. Det er framleis innbyggjarar i kommunen som ikkje har tilfredsstillande mobilnett. Kraftig uvær siste tida har også vist at sikker straumforsyning er ei utfordring.

## 5.5.2 Mål og strategiar

### Hovudmål 5:

*Vi skal ha ei berekraftig utvikling som sikrar balanse mellom vekst og vern*

#### Delmål 5.1. Vi vil ha effektive og sikre infrastrukturløysingar gjennom:

- jamn og god drift heile året
- legge til rette for auka kollektivtrafikk
- lokalisere verksemder som genererer tungtransport til område med god tilgjenge til hovudvegnett
- bevisst lokalisering av arbeidsplassintensive verksemder i og nær Osøyro og i lokalsentre med god kollektivdekning
- systematisk oppbygging/oppdatering av VA-nettet
- bruk av utbyggingsavtalar og andre avtalar som sikrar gjennomføring av gode løysingar for infrastruktur
- parallelle prosessar mellom plan/byggjesak, prosjekt, VA og drift som sikrar god samordning frå tidleg planlegging til eventuell kommunal overtaking
- tydelege krav til kommunal infrastruktur
- godt utbygd og god kapasitet på breiband, mobil- og fiberdekning

#### Delmål 5.2. Vi vil redusere bilbruk, auke kollektivdelen og auke talet på gåande og syklande gjennom:

- å legge til rette for gjennomgåande trasear for fotgjengarar og syklistar
- å etablere pendlarparkering langs eksisterande kollektivruter og særleg i/nær sentrum og nye knutepunkt som Lyseparken
- konsentrert utbygging som gir korte avstandar til daglege gjeremål

#### Delmål 5.3. Vi vil ha ei berekraftig forvalting av miljø, naturkvalitatar og areal gjennom:

- aktivt jordbruk
- høg utnytting og arealeffektivitet ved fortetting, transformasjon og ved utbygging på nye areal
- å auke gjenvinning og gjenbruk, samt redusere ressursforbruket
- å miljøfyrtnsertifisere private bedrifter og offentlege instansar
- å redusere energiforbruk og klimagassutslepp frå kommunal verksemd i tråd med måla i Klimaplan for Hordaland.
- å nytte overskotsmassar frå utbyggingsprosjekt til samfunnsnyttige tiltak

#### Delmål 5.4. Vi vil ha eit samfunn som tar høgde for framtidige klimautfordringar og som er godt førebudd på uventa hendingar gjennom:

- oppdatert kunnskapsgrunnlag om flaum-/rasfare
- gode rutinar for handtering av flaum og fokus på førebyggjande tiltak
- planlegging og utbygging som tar omsyn til forventa klimautvikling
- gode rutinar for handtering av overvatn

## 5.6 Tettstadutvikling - Osøyro

I 2027 er det verkeleg «Liv på Øyro». Den gamle sentrumskjerna er revitalisert og Øyro er eit levande regionsenter/kommunesenter med blomstrande næringsliv, rikt utval i butikkar, tenester og service-/kulturtilbod. Kommunikasjon til og frå Osøyro er god og mange kjem tilreisande for å oppleve det nye «Øyro». Båtfolk legg til ved kaien, kjøper croissant og espresso på torget før dei ruslar langs elvepromenaden, prøver fiskelukka i elva og rundar av turen på Lyngheim der dei får prøve rose måling og gamle bakertradisjonar.

Mange osingar, både gamle og unge, har busett seg i sentrum. Her kan dei leve gode kvardagsliv med gangavstand til skule, butikkar, kulturtilbod og aktivt nærfri luftsliv. Gode sykkelvegar gjer det enkelt å sykle til jobben i Lyseparken, besøke landskapsparken på Bjånes eller ta ein dukkert i Mobergsvikjo.

### 5.6.1 Utfordringar

#### Kommunesenter/regionsenter

Os kommune har sidan 2006 arbeidd med utvikling av Osøyro som kommune- og regionsenter. Utviklinga dei siste åra har vore prega av omfattande utbygging av bustader og næringsareal i *randsona* av den gamle sentrumskjerna, medan sjølve sentrum med utgangspunkt i torgområdet har stagnert. Delar av den gamle sentrumskjerna er prega av tomme butikklokale og bygningsmessig forfall.



#### Liv på Øyro

Os kommunestyre vedtok i desember 2012 etablering av prosjektet «Liv på Øyro». Asplan Viak har utarbeidd ein stad- og mogelegheitsstudie som skal leggjest til grunn for det vidare arbeidet. Utfordringa er å skape engasjement og optimisme hos

næringsdrivande på Øyro og osingane generelt slik at løysingane som vert valt er gjennomtenkte og godt forankra.

#### Næring

Det er ei utfordring å få koordinert grunneigarane i sentrum. I dag er grunneigarinteressene på Osøyro svært fragmentert, med mange små aktørar som kvar for seg ikkje har nødvendige ressursar for å få til ønskt utvikling. I tillegg er fleire av næringslokala små og lite føremålstenlege for større aktørar som ønskjer å etablere seg i Os.

#### Bustader

Gode sentrumsbusstader er nødvendig for å få opp kvardagsaktiviteten på Osøyro. Utfordringa er å få til ein god og tett utbygging som samstundes byggjer vidare på historisk identitet og sær preg.

#### Uteareal/leikeplassar

Skal Osøyro verta ein god stad å bu, må det etablerast trygge og attraktive uteareal for leik og opphold der ulike generasjonar kan møtast. Utfordringa er å skape uterom som inviterer til samhald og fellesskap, samstundes som den enkelte skal kunne leve sine liv. Tett utbygging krev gode rekreasjonsområde i og nær sentrum og desse må sikrast og utviklast.

## 5.6.2 Mål og strategiar

### Hovudmål 6:

*Osøyro er eit attraktivt kommune- og regionsenter der det er mykje aktivitet og liv heile året*

#### Delmål 6.1. Vi vil ha eit levende, attraktivt og trygt Osøyro, som ein samlingsstad for Os kommune og kommunane rundt gjennom:

- aktiv deltaking i «Liv på Øyro-prosjektet»
- å leggje til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrum, slik at fleire kan bu og arbeide på Osøyro
- å leggje til rette for overnattingstilbod i ulike prisklassar
- å lokalisere sentrumsretta funksjoner til sentrum
- å leggje til rette for fotgjengarar og syklistar
- å byggje ut eit effektivt kollektivnett til og frå Bergen og dei lokale krinsane
- å utforme funksjonelle og attraktive felles utsferom
- å byggje vidare på historiske identitet og kultur

#### Delmål 6.4. Vi vil har eit aktivt næringsliv på Osøyro gjennom:

- å vere pådrivar for å få bygningsmassen på Øyro tenleg til næringslokaler/kontor
- å leggje til for næring i 1. og 2. etasje i sentrumskjerna
- å leggje til rette for kontorfellesskap og næringsklynger
- å leggje til rette for fleire arbeidsplassintensive verksemder i og nær sentrum
- ei aktiv tilretteleggjær- og pådrivarrolle i høve til grunneigarar

#### Delmål 6.2. Vi vil ha ein tettstadutforming som fremjar livskvalitet og folkehelse gjennom:

- å sikre og vidareutvikle samanhengande grøne og blå korridorar frå Osøyro og ut til viktige friluftsområde
- å sikre god tilgang på område for rekreasjon og leik
- å sikre areal i strandsona for ålmenta
- å utforme ein sentrumsarkitektur som byggjer opp om Osøyro sin identitet som elve- og fjordtettstad

#### Delmål 6.3. Vi vil at Osøyro skal verta ein god stad å bu gjennom:

- å leggje til rette for gode sentrumsbustader for alle faser av livet, for unge, einslege, barnefamiliar, unge seniorar og eldre
- gode sentrumsskular som opnar for fleir bruk og aktivitetar utanom skuletid
- å utforma ein sentrumsstruktur som spelar vidare på og utvikler Osøyro sin skala, format og eigenart



## 5.7 Kommunal organisering

I 2027 har Os kommune ein organisasjon som har evne og vilje til å løyse aktuelle utfordringar. Den kommunale organiseringa er effektiv og ein driv på ein måte som er til det beste for innbyggjarar og tilsette. Os inspirerer er framleis plattforma i omdømebygginga. Informasjon og service er sentrale parametrar i arbeidet med denne omdømebygginga. Kommunen er ein attraktiv arbeidsplass med eit godt omdøme.

### 5.7.1 Utfordringar

#### Folkevekst

Den sterke folkeveksten dei siste åra set store krav til *organisasjonen* Os kommune. Fleire og større oppgåver skal løysast. Det har heile tida vore eit mål i kommunen at innbyggjartalet – og dermed skatteinntektene – skal auke, mens kostnadane til administrasjon og drift skal haldast i sjakk.

#### Endringsvilje

Os er ein svært effektiv kommune med liten administrasjon. Utfordringa er å unngå at dette går ut over endringskompetansen i kommunen, evna til å analysere trendar og utfordringar og behov for fornying av kompetanse for å utvikle oss vidare. Samfunnsutviklinga vert stadig meir kompleks og vil krevje evne og vilje til å både tenke nytt, tverrfagleg og tverrsektorelt. Det betyr at organisasjonen må vere villig til stadig endring og utvikling.

#### Arbeidsmarknad

Os kommune ligg nær Bergen kommune og konkurrerer i same arbeidsmarknad. Skal vi knyte til oss gode fagfolk, må vi vere attraktive og kunne tilby interessante arbeidsoppgåver og konkurransedyktige vilkår.

#### E-kommune

I forrige planperiode gjekk Os kommune over til å vere ein digital servicekommune, eller e-kommune, gjennom organisasjonsendringar

og omlegging til elektroniske arbeidsprosessar. Innbyggjarane bruker digitale tenester stadig oftare, men undersøkingar viser at dei nødvendigvis ikkje er nøgd med kvaliteten på tenestene.

Den største utfordringa i det vidare arbeidet er manglande kompetanse og kapasitet i eigen organisasjon til å følgje opp statlege krav, samt å «henge med» i den teknologiske utviklinga. På dette området er det nødvendig med felles nasjonale strategiar og felleskomponentar

#### Helsefremjande arbeidsplass

Os kommune ønskjer å sikre eit arbeidsmiljø som gir grunnlag for ein helsefremjande og meiningsfylt arbeidssituasjon. Arbeidstakarane er ein nøkkelfaktor for produktivitet, effektivitet og kvalitet. Utfordringa i ein slik travle arbeidssituasjon er å sikre færre jobbrelaterte helseplager gjennom systematisert HMS-arbeid.

#### Etikk

Både folkevalde og tilsette forvaltar samfunnet sine fellesmidlar. Det vert av den grunn stilt særleg høge krav til etisk haldning for kvar einskild i arbeidet for kommunen. Stadig høgare forventingar frå innbyggjarane gjer at kommunen må leggje stor vekt på å vera rettvis, ærleg og open i all verksemd.

## 5.7.2 Mål og strategi

### Hovudmål 7:

*Os kommune skal ha ein administrasjon som har evne og vilje til å løyse aktuelle utfordringar og som rekrutterer dei beste*

#### Delmål 7.1. Vi skal ha ein innovativ, nyskapande og endringsvillig organisasjon gjennom:

- å legge til rette for samarbeid, innovasjon og kreativitet på tvers av organisasjonen
- å vere tilgjengeleg, open og tillitsskapande
- å våge å verta utfordra
- God dialog og ope samarbeidsklima mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane

#### Delmål 7.2. Vi skal sikre god og kompetent arbeidskraft gjennom:

- godt omdømme
- konkurransedyktig løn i høve til lokalt og regionalt arbeidsmarknad
- eit stimulerande og utviklende læringsmiljø der ein legg til rette for menneskeleg og fagleg utvikling

#### Delmål 7.3. Vi skal legge til rette for godt arbeidsmiljø og ein helsefremjande arbeidsplass gjennom:

- systematisk arbeid med heilskapstenkinga langtidsfrist
- livsfasepolitikk som sikrar at arbeidssituasjonen er tilpassa individuelle behov
- mangfold både når det gjeld alder, kjønn og etnisitet

#### Delmål 7.4. Vi skal ha høge krav til etisk handling gjennom:

- å unngå å kome i situasjonar som kan føre til konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser
- å sørge for at alle tilsette kjenner til og følgjer lover, føresegner og reglement som gjeld for drifta av kommunen
- å sørge for at informasjon er lett tilgjengeleg, korrekt, påliteleg og på eit språk som er forståeleg
- å vere ein open organisasjon, der medarbeidarane vert oppmoda om å varsle om kritikkverdige forhold



## 6 Areal - kvar, kor mykje og kor raskt skal Os vekse?

### 6.1 Kva er ein arealstrategi?

Eit viktig prinsipp i den nye plan- og bygningslova er at det skal vere sterkare kopling mellom samfunnsdel og arealdel. Samfunnsdelen skal gje føringar for kommuneplanens arealdel, for eksempel når det gjeld folketalsutvikling, arealstrategi og utbyggingsmønster.

Os kommune er i kraftig vekst, noko som stiller krav til styring av utviklinga. Eit inkluderande samfunn med rom for mangfald og individuelle løysingar, krev godt forankra areal- og utviklingsstrategiar.

Arealstrategien er ein del av samfunnsplanen, og fortel korleis ein ønskjer at Os kommune skal sjå ut på lang sikt. Arealstrategien skal leggjest til grunn ved neste rullering av kommuneplanens arealdel.

Kommuneplanens arealdel skal vere eit kartmessig bilet av dei prioriteringar og satsingar som er gjort i samfunnsdelen. Samstundes vil kommunen sine arealressursar og infrastruktur påverke i høve til utvikling i samfunnsdelen. Det er derfor naturleg at ei rullering av arealplanen kjem i gang så snart hovudlinjene er vedtatt i samfunnsdelen.

#### 6.1.1 Utfordringar

Hovudutfordringane i kap 5 vil alle ha innverknad på arealpolitikken i Os kommune, både auka folketal, nye store vegprosjekt, folkehelsearbeid, miljø/klima og ikkje minst ny kommunestruktur. Når det gjeld det siste er det for tidleg å seie noko om korleis og kva konsekvensar dette vil få for kommunen. Det er likevel viktig å ha det i bakhovudet når ein fastset strategiar for arealbruk.

26.9.2014 vart det vedtatt nye statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Målet er:

*«Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafikksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet»*

Overordna planar:

- Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur. Tenester og handel
- Interkommunal næringsplan for Fusa, Os og Samnanger
- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet
- Klimaplanen for Hordaland 2014-2030
- Regional Transportplan for Hordaland 2013-2025
- Kollektivstrategi for Hordaland
- Regional plan for folkehelse 2014-2025
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Desse planane vil alle få innverknad på Os kommune si arealdisponering og må leggjest til grunn ved rullering av arealplanen.

## 6.2 Arealstrategi for Os kommune

I 2027 har folketalet auka til nærmere 30 000. Kommunen har sikra seg nok areal til barnehagar og skular og eit nytt omsorgssenter er under planlegging. Lyseparken er under utbygging og aksen Søfteland – Lysefjorden - Drange er nye utviklingsområde. Kommunen tilbyr eit differensiert bustadtilbod og Osøyro er ein liten fjordby med yrande folkeliv, travel handel og attraktiv båthamn.

### 6.2.1 Prioriteringar i samband med rullering av arealplan

Forrige rullering av arealplanen tok åtte år. Den lange sakhandsamingstida skuldast i stor grad mange private innspeil om nye bustadområde og innsigelsar frå overordna mynde. Med den store folkeveksten hastar det å sikre nok areal til offentlege føremål. I tillegg er det nødvendig med enkelte justeringar i tekstdelen til eksisterande plan. Denne arealstrategien legg difor opp til ei avgrensa rullering av arealplanen der følgjande tema vert prioritert:

- Areal til offentlege føremål (skular, barnehagar, omsorgssenter, bustader og liknande)
- Areal til utviding av eksisterande vegar, nye vegar og gang- og sykkelvegar
- Nye næringsareal/næringsareal til sjø
- Få samsvar mellom utbyggingsareal til sjø og sjøområda utanfor
- Definere areal som er viktig å sikre for nærfriluftsliv og grøne/blå korridorar
- Rette/endre enkelpunkt i tekstdelen
- Areal til nye bustadområde innanfor sentrale utviklingsområde for Os kommune skal stø opp om *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging 26.9.2014*

### 6.2.2 Senterstruktur

Forslag til senterstrukturen i Os kommune følgjer same struktur som fastlagt i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*. Osøyro er kommunesenter i Os kommune. I tillegg er Osøyro fastsett som regionsenter i regional plan. Dette betyr mellom anna:

- *Offentleg og privat tenesteyting samt detaljhandel skal lokaliserast i sentrum eller innanfor 10 minutt gåavstand frå sentrum. Bustadbygging i same område skal ha høg arealutnytting.*
- *Einebustader kan berre byggjast utanfor sentrum og utanfor område definert som 10 minutt gåavstand. Unntak er einebustader i etablert einebustadfelt nær Osøyro. Dei områda som ligg innanfor 20 minutt sykkelavstand frå sentrum vert rekna som særleg gode område for bustadbygging.*
- *Innanfor området skal det byggjast vidare på eksisterande infrastruktur, på noverande gang- og sykkelvegsystem og etablerte bustadområde.*
- *Ålmenta skal sikrast tilgang til strandsona og større samanhengande grøntområde når reguleringsplanar vert utarbeidda.*


I tillegg til kommunesenter har kommunen høve til å definere kor ein ønskjer eventuelle lokalsenter og nærsenter.

Lokalsenter: Lokalt senter for handel, tenester etc. dimensjonert for eit større lokalområde.

Nærsenter: Mindre senter med detaljhandel som daglegvare, post, private og offentlege helse/velvere tenester etc. dimensjonert for nærmiljøet.

Omland til dei ulike sentera vil verta fastlagt i samband med rullering av arealplanen.

I arbeidet med å utvikle Osøyro til eit levedyktig og velfungerande kommune-/regionsenter, finn vi det lite føremålstenleg å byggje opp ein struktur for lokalsenter. Vi har derfor valt å leggje opp til ein senterstruktur i Os kommune som byggjer på Osøyro som kommune-/regionsenter og Lysefjorden, Nore Neset, Søfteland, Søre Neset og Søre Øyane som nærsenter. I tillegg vil Bjånes på sikt verta nytt nærsenter. Lyseparken kan på sikt verta lokalsenter.



Figur 1 Senterstruktur Os kommune

### **6.2.3 Hovudprinsipp for offentleg infrastruktur**

Areal til offentlege funksjonar (skule, barnehagar, institusjonar og liknande) og veggrunn skal prioriterast.

Det skal særleg sikrast areal rundt sentrumsskulane Lunde, Kuventræ og Os i tillegg til nytt areal for skule «aust om elvo».

Det skal setjast av areal til framtidig nytt omsorgssenter.

Det skal sikrast nok areal til rekreasjonsføremål, idrett og friluftsliv, og då særleg tilgang til grøntområde og natur i nærmiljøet.

Utbetring av hovudvegar og sikring av god tilkomst for mjuke trafikantar skal prioriterast i planperioden. Nødvendig areal til utvidingar og/eller endring av veglinjer må sikrast.

Det skal gjerast attraktivt og enkelt å sykle. 80 prosent av barn og unge skal gå eller sykle til og frå skulen på trygge sykkelvegar.

Utbygging må tilpassast etter kapasitet på skuler, barnehagar, eldreibutikkar, vegar, kollektivtrafikk mv. Føresegner om rekkefølge skal vere styrande ved utbyggingar.

### **6.2.4 Hovudprinsipp for bustadområde**

Bustadbygging skal skje innanfor eksisterande infrastruktur og langs kollektivaksar. Nye utbyggingsområde må sjåast i samanheng med realisering av nødvendig infrastruktur i og til/frå området.

Kommunen skal styre bustadbygginga mot fortetting og transformasjon i uttalte område, som Osøyro. Bustadbygginga skal stø opp under senterstrukturen.

Nye bustadområde skal ha differensiert bustadmasse. Dette gjeld i Os sentrum men også i og nær nærsentra og lokalsentra. Kommuneplanens arealdel skal dimensjonerast for ein årleg folkevekst på ca 3 prosent.

### **6.2.5 Hovudprinsipp for næringsområde**

Ny næring skal leggjest til område avsett til næring i gjeldande arealplan.

Plasskrevjande næringar skal lokaliserast i utkanten av sentrum og langs hovudvegnettet. Lyseparken vert det nye store næringsarealet i Os.

Tilsettintensive næringar skal liggje i og nær Osøyro. Detaljhandel skal liggje på Osøyro og i dei ulike nærsentra.

Ny Interkommunal næringsarealplan skal utarbeide strategiske temakart over mogelege nye næringsområde i regionen og felles retningslinjer for næringsutvikling.

Ved samlokalisering av nærings- og bustadføremål skal det leggjest vekt på å sikre godt oppvekstmiljø for barn og unge.

### **6.2.6 Hovudprinsipp for fritidsbustader og strandsone**

I samband med revisjon av arealplan skal det gjennomførast ei kartlegging av funksjonell strandsone.

Fritidsbustader/naust skal leggjest til område avsett til føremålet i gjeldande arealplan.

Område som er egna til rekreasjon og friluftsliv skal sikrast mot utbygging.

### **6.2.7 Anna**

Kjerneområde for landbruk skal vernast og matjord skal takast vare på.

Viktige naturområde og landskapsprofilar skal kartleggjест, slik at desse kan sikrast.

Ekspropriasjon kan nyttast når det ligg føre viktige samfunnsmessige grunnar.

I samband med rullering av arealplanen skal gjeldande reguleringsplanar gjennomgåast, særleg med tanke på utnyttingsgrad.

